



Fylkesmannen i Møre og Romsdal
Miljøvernavdelinga

Forvaltingsplan for Osen fuglefredingsområde Eide kommune



Rapport 2010:13

Framsidebiletet viser flyfoto over Osen fuglefredingsområde. Foto: Øivind Leren

Fylkesmannen i Møre og Romsdal
Fylkeshuset
6404 MOLDE
www.fylkesmannen.no

Rapport nr:

2010:13

Dato:

17. september 2010

Tittel:

FORVALTINGSPLAN FOR OSEN FUGLEFREDINGSOMRÅDE

Forfattar:

Åsmund Skålvik, miljøvernnavdelinga, Fylkesmannen i Møre og Romsdal

Godkjenningssvedtak

Forvaltingsplan for Osen fuglefredingsområde, VV00002190, i Eide kommune er den 17.09.2010 godkjend av Fylkesmannen i Møre og Romsdal, med heimel i kap. VII og IX i verneforskrifta av 27. mai 1988.

Samandrag:

Osen fuglefredingsområde blei verna i 1988 som ein del av verneplan for våtmark i Møre og Romsdal. Føremålet med vernet var å ta vare på eit viktig våtmarksområde med sitt livsmiljø, fugleliv og anna dyreliv.

Det verna området består i hovudsak av nedre del av Oselva, sjølve utløpsosen og nærliggande strandområde. Landdelen av Osen fuglefredingsområde består av ei attgroingsmyr med eit breitt vegetasjonsfelt rundt. Rundt det verna området finn vi fattig furuskog og dyrka mark. Utfordringane i det verna området er å halde det ope og hindre attgroing. Dette for å oppretthalde dei kvalitetane som gir grunnlag for den rike fuglefaunaen vi har her. Ei rekke fugleartar som før var vanlege er no meir sjeldsynte i reservatet, vi håper forholda over tid vil ligge til rette for at fuglelivet tek seg opp att. Å oppretthalde vasskvaliteten i elva slik at elvemuslingen kan formeire seg og oppretthalde ein levedyktig populasjon på lang sikt er òg ei stor utfordring. Ved å hindre næringsrikt tilsing til elva vil ein òg hindre attgroing av strandlinja. Dette saman med trusselen for spreiing av framande planteartar blir ei utfordring framover. Noko av skogen som er kome opp kan med fordel fjernast slik planen skisserer.

Forvaltingsplanen med tilhøyrande bevaringsmål bør reviderast minst kvart 10. år.


Emneord:

Naturvern, bevaringsmål, skjøtsel, fugl, elvemusling, våtmark, biologisk mangfald.

ISBN (Pdf utgåve): 978-82-7430-199-3

ISBN (Papir utgåve): 978-82-7430-198-6

ISSN 1891-876X



Ulf Lucasen
Seksjonssjef



Per Fredrik Brun
Direktør miljøvernnavdelinga

FORORD

Osen fuglefredingsområde i Eide kommune vart oppretta ved kongeleg resolusjon av 27. mai 1988 som ein del av verneplan for våtmark i Møre og Romsdal. Forvaltingsplanen for Osen fuglefredingsområde er utarbeidd som eit ledd i arbeidet med å lage forvaltingsplanar for dei mindre verneområda i fylket. Målet med forvaltingsplanen er å utdjupe verneforskrifta og klargjere brukarinteresser og behov for skjøtsel.

Det er ei satsing frå fylkesmannen si side å sikre verneverdiane i Osen fuglefredingsområde. Denne planen bør sjåast på som eit forsøk på å ta i vare dei biologiske verdiane vi finn her og som vi mellom anna ynskjer å gjere meir synleg for allmenta i Eide. Viktige bevaringsmål i Osen fuglefredingsområde er å hindre attgroing av myrområda og å oppretthalde ein god vasskvalitet i elva. Dette er den første forvaltingsplanen for Osen fuglefredingsområde, og vi opnar for revidering av planen etter å ha prøvd han i praksis i nokre år.

Den vedtekne planen er i hovudsak i samsvar med høyringsforslaget til Fylkesmannen i Møre og Romsdal. Vi håpar at planen er oppklarande og informativ for alle med interesser i området. Fylkesmannen vil takke alle som har kome med innspel til planen.

Planen er utarbeidd av Åsmund Skålvik ved fylkesmannen sitt kontor, for midlar som Direktoratet for naturforvaltning har stilt til rådvelde.

Molde 15. oktober 2010

Per Fredrik Brun
Miljøvernavdelinga

Innhald


1	INNLEIING	9
2	NATURGRUNNLAGET	10
2.1	Områdeskildring	10
2.2	Eigedomsforhold	10
2.3	Brukshistorie	11
2.4	Naturfaglege verdiar	11
2.5	Bevaringsmål	14
3	BRUKARINTERESSER	18
3.1	Verneforskrifta og brukarinteresser	18
3.2	Primærnæring – jordbruk og skogbruk	18
3.3	Jakt, fiske og rekreasjon	19
3.4	Tekniske inngrep	20
4	FORVALTINGSOPPGÅVER OG TILTAK	20
4.1	Skjøtsel og forvaltingstiltak	20
4.2	Overvaking og kartlegging av naturkvalitetar	21
4.3	Informasjon og tilrettelegging	22
4.4	Oppsyn	22
5	SAKSHANDSAMING	23
5.1	Forvaltingsstyresmakt	23
5.2	Lovverk, føringar og forvalting	23
6	PERIODEN FORVALTINGSPLANEN GJELD	25
7	KJELDER	26

Vedlegg

1. Verneforskrifta for Osen fuglefredingsområde (FF)
2. Flyfoto over Osen FF
3. Fuglearter i Osen FF
4. Skjøtselstiltak
5. Saksbehandling av planen

1 INNLEIING

Osen fuglefredingsområde vart oppretta ved kongeleg resolusjon av 27. mai 1988 med heimel i Naturvernlova. Denne lova er no erstatta av Naturmangfaldlova (NML). Lokaliteten vart verna som ein del av verneplan for våtmarksområde i Møre og Romsdal. Formålet med fredinga er; ”å ta vare på eit viktig våtmarksområde med sitt livsmiljø, fugleliv og anna dyreliv”. Fylkesmannen i Møre og Romsdal er forvaltingsstyremakt for fuglefredingsområdet. Dette er den første forvaltingsplanen som er utarbeidd for dette verneområdet.



Figur 1 Kart over vestre deler av Nåsvatnet med Osen FF skravert rødt midt i bilde.

Forvaltingsplanen for Osen fuglefredingsområde skal vere eit praktisk hjelpemiddel for å oppretthalde og fremje verneformålet i samsvar med verneforskrifta. Han skal sikre ei einsarta forvalting av verneområdet ved å gi konkrete retningslinjer for mellom anna bruk, informasjon, skjøtsel og saksbehandling. Planen skal gi ei samla skildring og dokumentasjon av natur- og bruksinteresser innafor området og om det er spesielle forhold som trugar eller kan truge verneverdiane. Planen er ikkje juridisk bindande, men gir retningslinjer for forvaltinga av området, og han skal synleggjere ansvarsforhold og forvaltingsstyremakt. I fuglefredingsområde er både planter og fugl freda, og det skal ikkje settast i verk tiltak som kan endre naturmiljøet.

Forvaltingsplanen for Osen fuglefredingsområde er delt i to hovuddelar; den første delen (kap 1-3) gir ei skildring av naturforholda, brukarinteresser og forvaltingsmål, den andre delen

(kap 4-6) omhandlar forvaltungsmessige oppgåver og tiltak. Her blir det gitt ei skildring av føreslårte tiltak og kven som er ansvarleg for dei ulike tiltaka.

Kvifor vern?

Naturvern byggjer på oppleving av, og kunnskap og medvit om kvalitetar og eigenskapar i naturen. Norsk politikk og lovgjeving baserer seg på at naturen har ein verdi i seg sjølv, ein eigenverdi, som gjer at all natur og alle arter har ein rett til å eksistere. Mennesket inngår som ein del av naturen med eit særleg ansvar i kraft av sin sterke påverknad på mange økologiske prosessar. Naturen har også ein opplevingsverdi, ein verdi for folk si helse og trivsel, og gjennom friluftsliv ein verdi for å skape forståing for vern av natur. Osen er eit lite område i areal, men er eit viktig område for mellom anna fleire hekkande fuglearter.

Plan- og bygningslova vil ikkje alltid kunne stå sterkt nok mot mange ytre påverkingsfaktorar. Å verne område som biotopvernområde, som er naturmangfaldlova sin parallelle til fuglefredingsområde etter naturvernlova, gir eit sterkare juridisk vern, og vil i best mogleg grad sikre arealet for framtida.

2 NATURGRUNNLAGET

2.1 Områdeskildring


Osen fuglefredingsområde er eit våmarksområde ved utløpet av Oselva i vestenden av Nåsvatnet. Oselva renn frå Stormyra i Fræna kommune forbi Sjurlia og ned i nordvestenden av Nåsvatnet. Lokaliteten består av ei gjengroingsmyr med eit breitt vegetasjonsfelt rundt utløpet av Oselva og vestre deler av Nåsvatnet. Rundt våmarksområdet finn vi fattig furuskog og litt dyrka mark. Det verna området dekkjer eit areal på 685 dekar. Av dette er 130 dekar myr, 12 dekar barskog og 26 dekar lauvskog. Resten av arealet i det verna området er ope vatn. Området vert ofte omtala som ein del av Eide våtmarkssystem. Eide våtmarkssystem består av fire hovudområde: Vassgårdsvatnet, Einsetvågen/Svanvika, Nåsvatnet aust og Nåsvatnet vest. Osen og områda rundt utgjer Nåsvatnet vest og er ein viktig del av dette våtmarkssystemet.

Bergartane i området består av ulike gneis og granittutformingar. Kvartærgeologisk finn ein moreneavsetningar i den sørvestre delen av området, elles dominerer torv og myr. Ein kan også finne små areal av elve- og bekkeavsetningar. I området er det eit typisk kystklima. Eide kommune har eit oseanisk klima med milde vintrar og liten temperaturforskjell mellom sommar og vinter. I Eide ligg temperaturen på -2°C for januar. Gjennomsnittstemperaturen for juli er litt i overkant av 12°C. Eide har ein årsnedbør på rundt 2200 mm i året, og over 100 mm i nesten alle månader. Meir enn 220 av årets dagar har nedbør over 0,1 mm.

2.2 Eigedomsforhold

Osen fuglefredingsområde har i følgje verneforskrifta desse Gnr/Bnr: 159/1, 159/2, 159/4, 159/9, 160/1, 160/13, 171/21, 171/33, 171/34 og 171/37. Verneforskrifta nemner òg Gnr/Bnr: 159/5 og 171/13. Etter våre opplysninga er ikkje desse eigedomane omfatta av vernet. Vi tek

atterhald om at det kan vere feil i eigedomskartet som vi har lagt til grunn. Det verna området er oppmerka etter dei vernegrensene som følgde vedtaket i 1988.



Figur 2 Verneområdet omfattar det skraverte raude feltet.

2.3 Brukshistorie

Ein har lite konkret informasjon om den historiske bruken av dette arealet. Det verna området omfattar ikkje dyrka mark, så det er derfor ikkje noko terrengeinngrep som skyldast landbruksdrift. Men ein må gå ut frå at strandsona har vore nytta til beitebruk opp gjennom tidene. Uttak av torv til brensel var vanleg i heile distriktet, men om det har vore torvuttak i det verna området er ukjent. Ein veit òg at det opp gjennom tidene har vore rike furuskogar rundt det verna området. Sager til foredling av tømmer har det mellom anna vore ved Sandneshaugen. Nåsvatnet er og har vore eit rikt fiskevatn og ein kan sjå restar etter båtstøer i strandsona for bruk til oppevaring av fiskereiskap og båtar. Elles vitnar lokale stadnamn om ulik bruk av naturen opp gjennom historia. Kolmyrneset indikerar bruk av skog til kolbrenning. Namnet Tømmerbukta indikerer òg bruk av skog som råstoff.

2.4 Naturfaglege verdiar

Nåsvatnet er registrert i naturbasen som prioritert naturtype rik kulturlandskapssjø, med verdi A – svært viktig. Osen fuglefredingsområde er oftast omtala som ein del av Nåsvatnet. Så det er ikkje så mykje naturfagleg informasjon spesifikt frå det verna arealet. Den naturfaglege informasjonen her er stort sett henta frå forarbeida til vernet og ulike rapportar i ettertid. Ein

har òg henta naturfagleg informasjon på internettstadane; artsdatabanken.no og direktoratet for naturforvaltning sin naturbase.no. Men òg munnleg informasjon frå fagfolk og andre med lokalkunnskap.

Fugle- og dyreliv

Området har ein viktig funksjon for vass- og våtmarksfuglar både i hekketida, under trekk og om vinteren. Om vinteren er området av spesiell verdi som overvintringsområde for sangsvane. Eit tranepar har hekka i området fleire år. Det er registrert ei rekke fuglearter i Nåsvatnet. I publikasjonar er fugleobservasjonar oftast gjort samla for Nåsvatnet, så det er få observasjonar som er spesifikk for det verna området. Ein må likevel anta at fuglefaunaen i området omfattar ei rekke andefuglar, vadefuglar, enkelte riksefuglar, dykkerar og lommar. Dette er fuglar som er registrert i vatnet. Sjå vedlagd liste over fugleobservasjonar. Innanfor fredingsområdet er det registrert hiplass for oter. I nærområda til det verna området er det òg hjort og rådyr. Desse artane har trekk gjennom fuglefredingsområdet. I Oselva er den freda raudlistearten elvemusling registrert. Siste sikre registrerte observasjon var i 2008. Tidlegare var det elvemusling frå bruha og oppover elva heilt inn i Fræna kommune. Elvemusling er freda i Norge med eigen forskift.

Nokre påviste arter i Osen fuglefredingsområde.

Art	Funksjon	Kvalitet	Årstid	Dato registrert
Dykkerar	Beiteområde	Påvist	Vinter	01.01.2003
Andefuglar	Beiteområde	Påvist	Vinter	01.01.2003
Andefuglar	Rasteområde	Påvist	Vår/haust	01.01.2003
Andefuglar	Yngleområde	Påvist	Vår/sommar	01.01.2003
Trane	Yngleområde	Påvist	Vår/sommar	01.06.2002
Vade-, måke- og alkekuglar	Beiteområde	Påvist	Heile året	01.01.2003
Vade-, måke- og alkekuglar	Rasteområde	Påvist	Vår/haust	01.01.2003
Vade-, måke- og alkekuglar	Yngleområde	Påvist	Vår/sommar	01.01.2003
Oter	Leveområde	Påvist	Vår/sommar	01.01.2003

Kjelde: Moen, G. 2005. Viltet i Eide. Naturkonsult DA rapport nr. 1-2005.

Truslar

Generelt vil opphør av beite føre til attgroing og endringar i leveområda til enkelte fuglearter. Næringsrikt tilsig frå menneskeleg aktivitet vil òg vere ein fordel for enkelte arter, mens andre igjen er sårbar mot konsekvensane av auka næringstilsig. Dette kan endre artssamansetninga i fuglefaunaen. Elvemuslingen er var for forsuring og tilslamming av leveområda sine. Dette kan òg føre til at byttedyra til elvemuslingen vert borte. Den siste skriftlege observasjon er frå år 2002. Men vi er blitt fortalt at elvemusling er observert også i 2008. Fylkesmannen har bestilt ei undersøking av Oselva sommaren 2010. Framvekst av ulike algar i elva og strandsona er ikkje gunstig for elvemuslingen eller byttedyra til elvemuslingen. I tillegg bør det uansett ikkje forkome inngrep i strandsone eller elvebredden.



Figur 3 Trane har vore observert som hekkande i området.

Vegetasjon

Geologisk er det verna området prega av relativt sure gneis- og granittbergarter, noko som er typisk for nordvestlandet. Dette er nokså harde bergarter som forvitrar seint og gir eit sparsamt og litt surt jordsmonn. Dette jordsmonnet får ein vegetasjon av plantar som er tilpassa desse litt karrige tilhøva. Over halvparten av landdelen av fuglefredingsområdet er ei form for myr. Myrområda er vanskeleg å kategorisere då dei utgjer ein mosaikk av ulike utformingar.

Natur- og biogeografisk plassering.

Vegetasjonssoner beskriv variasjonar i vegetasjonen fra sør til nord, og fra havnivå og opp mot fjellet. Eide kommune ligg her i grensa mellom sørleg barskogsone (sørboreal sone) og midtre barskogsone (mellomboreal sone). Vegetasjonsseksjonar beskriv variasjonen i plantelivet mellom kyst og innland. Mesteparten av Eide kommune ligg i sterkt oseanisk seksjon, som er knytt til milde vinter og fuktig klima.

Det har ikkje vore gjennomført systematisk planteregistrering innan verneområdet. Dei registreringane som er gjort av landvegetasjonen er lagt ved som vedlegg nr. 4. Vegetasjonen gjenspeglar dei kalkfattige og sure vassmassane og substrata frå dei store myrområda i Oselva sitt nedbørsfelt. I framstillingar av vegetasjonen i sjølve vatnet er det på same måte som med fugleregistreringane omtala heile Nåsvatnet som ein lokalitet. Men rundt utløpet til Oselva finn vi mellom anna elvesnelle, flaskestarr, bukkeblad, og takrør i sumpane ved Oselva. Delar av utløpsområda er grunne, ligg beskytta for vind og har sannsynlegvis ei viss sedimentering av finmateriale. Av flytebladsvegetasjon er mellom anna flotgras, vanleg tjønnaks og kvit nøkkerose funne rundt osen.

Truslar

Nord og vest for Osen fuglefredingsområde er det eit aktivt jordbruk. Næringsstillsig i form av plantenæringsstoffa nitrogen og fosfor frå dyrkjorda kan før til endra livsgrunnlag for planter både på land og i strandsona. Opphør av beiting, eller endra beiting kan òg føre til endring i plantesamansetninga. Dette kan vere tap av arter i gamal beitemark eller auke av sumpplanter ved opphøyr av beite i vasskanten.

På sørsida av elva grensar eit stort plantefelt med sitkagran heilt inn til vernegrensa. Om nokre år vil desse sitkagranene bli gamle nok til at dei sett kongler. Dei vil då utgjere ein trussel i form av spreiing av sitkagran inn i verneområdet. Inne i verneområdet på neset sør for elveosen står det eit par yngre grantre, desse bør ikkje få utvikla seg til kongleberande trer. På same måte er det eit plantefelt med gran i vestre hjørne av det verna området, heilt ned til elvebredden.



Figur 4 Planta gran langs elva.

2.5 Bevaringsmål

Nokre uttrykk som vert nytta i tabellen på side 11.

Naturtype

Med naturtype forstår vi eit einsarta, avgrensa område i naturen som omfattar plante- og dyreliv og miljøfaktorar. Eit landskap med stor variasjon inneholder eit stort mangfold av naturtypar.

Tilstandsvariabel

Med tilstandsvariabel forstår vi den eller dei eigenskapane ved naturtypen som bevaringsmålet er retta mot.

Bevaringsmål

Bevaringsmål er den tilstanden ein ønskjer at eit utval av naturkvalitetar i eit verneområde skal ha. Bevaringsmåla skal helst vere målbare, og kan eksempelvis presiserast gjennom mål for areal eller førekommst av bestemte arter.

Tilstandsklasse

Tilstandsklasse er ei inndeling i god, middels og dårlig. Dette fortel oss kva for tilstand naturtypen er i.

Forvaltingsmål

Dette er eit samleomgrep for alle målsettingar knytt til naturverdiar/kvalitetar i eit verneområde. Slike mål kan òg bli knytt opp mot rekreasjon, jakt, landbruk og andre brukarinteresser.

Kapittel III i forskrifta gir oss formålet for den utviklinga vi ønskjer med området.

"Føremålet med fredinga er å ta vare på eit viktig våtmarksområde med sitt livsmiljø, fugleliv og anna dyreliv". Verneforskrifta kap. III


Verneforskrifta skal konkretiserast først og fremst gjennom forvaltingsmål og bevaringsmål for fuglefredingsområdet. Verneformålet viser i hovudsak til kva for naturkvalitetar ein ønskjer å bevare i verneområdet. For kvar naturkvalitet er det definert eit bevaringsmål, sjå tabell. Det er viktig med kunnskap om området for å kunne forvalte det på ein langsiktig og god måte. Eit av forvaltingsmåla er derfor å skaffe meir kunnskap. Ut frå det vi veit i dag har vi sett opp to bevaringsmål som vi meiner ville vere med å styrke verneformålet; sjå tabell. Det er avgrensa kva for erfaring som finst med bruk av bevaringsmål i norsk forvalting, og det må derfor vere rom for å revidere bevaringsmåla når vi har meir kunnskap og erfaring om effekten av vern og skjøtsel i området. Forvaltingsplanen bør reviderast kvart tiande år.



Figur 5 Tilsig av næringsstoff frå landbruket bør haldast på eit minimum.

Oversikt over bevaringsmål og tiltak for Osen fuglefredingsområde, VV00002190

Mål nr.	Naturtype	Tilstandsvariabel	Bevaringsmål	Overvaking	Tilstandsklasse	Tiltak
1	Viktig bekdedrag E06	Vasskvalitet	Vatnet i Oselva skal tilfredsstille elvemuslingens krav til vasskvalitet	Stikkprøvekontroll av elva for å sjekke musling-populasjonen	Ukjent	<p>Undersøkje elvemuslingpopulasjonen Ta vassprøve i elva Kartlegge negative tilsigskilder til elva Setje inn tiltak ut frå resultatet av kartlegging</p> <p>Tiltaket skjer i samråd med SNO</p>
2	Open kystmyr rundt elveosen	Framande arter, sitkagran.	Hindre etablering av sitkagran i det verna området.	Feltobservasjonar	God, ingen etablering foreløpig	Følgje med på utviklinga av frøtre på utsida av det verna området
3	Open kystmyr rundt elveosen	Utbreiing	20%, 130 da av det verna arealet skal vere open myr	Feltobservasjonar i kombinasjon med samanlikning av flyfoto	Middels grunna tiltakande attgroat	<p>Rydde delar av vegetasjonen langs myrkantane</p> <p>Hindre ytterlegare drenering ovanfor lokaliteten</p> <p>Tiltaket skjer i samråd med SNO</p>



3 BRUKARINTERESSER

3.1 Verneforskrifta og brukarinteressene

Verneforskrifta dannar grunnlag og rammer for kva for aktivitetar som er tillate i Osen fuglefredingsområde. I dette kapittelet vil verneforskrifta bli knytt mot ulike brukarinteresser. Heile verneforskrifta ligg som vedlegg nr. 1.

Det er særleg nokre kapittel i verneforskrifta som gir retningslinjer for forvaltinga. I kapittel IV går det fram kva for reglar som gjeld for fuglefredingsområde, her er det opplista kva aktivitetar som ikkje er tillate innafor fuglefredingsområde. Kapittel V omtalar dei aktivitetane som er unntake fra reglane i kapittel IV, mens det i kapittel VI går fram kva for aktivitetar forvaltingsstyresmakta kan gi løyve til etter søknad. Aktivitetar som er forbode gjennom forskriftene i kapittel IV, og som ikkje er nemnt i kapittel V eller VI er i utgangspunktet forbode. Fylkesmannen kan likevel, etter søknad gi dispensasjon frå verneforskriftene i enkelte tilfelle etter § 48 i naturmangfaldlova. Tolking av forskriftena er nærare omtala i kapittel 5.2.

3.2 Primærnæring – jordbruk og skogbruk

Det er ingen direkte landbruksaktivitet inne i sjølve verneområdet. Det er heller ikkje kultivert areal i nokon form som vi kjenner til. Men i nord og nordvest grensar verneområdet mot jordbruksareal og dyrkamark. I samband med jordbruksdrifta er det tatt opp fleire opne grøfter/kanalar som går inn i det verna området. Det er òg teke opp skogsgrøfter utanfor grensene som har utløpsgrøft inne i det verna området. Desse grøftene har ein drenerande effekt på vegetasjonen inn i verneområdet. Vi er her spesielt opptekne av at grøfter ikkje skal drenere det resterande myrarealet, med påfølgjande attgroing med trevegetasjon. Desse grøftene vil òg føre med seg næringsstoffar som vil påverke vatnet og dermed strandvegetasjonen og dyrelivet i elva/vatnet. Plantefelt utafor det verna området kan gi frøspreiing av sitkagran inn i det verna området om nokre år.

Rammer og regelverk

I dei vedtekne forskriftene for Osen lyder kap. IV, nr. 1 slik;

All vegetasjon som er av verdi som livsmiljø for fuglar, er freda mot skade og øydelegging av kvar art. I utgangspunktet har all vegetasjon ein eller annan verdi for fuglelivet. Men til dømes gjengroing av tidlegare opne areal kan føre til behov for å regulere tre og buskvegetasjonen. I kap. VI er det og teke med at skog og kratt som er til hinder for jordbruksdrift kan regulerast, dette etter søknad.

Verneforskriftene er i følgje kap. V, nr. 2 og 3 ikkje til hinder for; *Slått, beiting og anna etablert jordbruksdrift i eller inntil det freda området eller vedlikehald av grøfteutløp som er tekne tidlegare og som drenerer tilgrensande jord- og skogbruksareal, etter at forvaltningsmyndighetene er varsle.*

Kap. V, nr. 4 opnar for vedlikehald av eksisterande vegar, dette inneber ikkje standardheving. Etter nr. 5 i kap. VI er det opna for hogst av ved til eige bruk, etter søknad.

Forvaltingsmål for primærnæringa

- Medvirke til å halde næringstilsiget frå nedbørsfeltet på eit minimum.
- Fjerne eksisterande framande treslag i det verna området.

3.3 Jakt, fiske og rekreasjon

Det er usikkert i kva omfang det tidlegare har vore drive jakt innan verneområdet. Men ein må gå ut frå at tradisjonell jakt på hjortedyr har skjedd. I kva grad jakt på andefugl har vore tradisjon er ukjent. Nåsvatnet har vore og er eit godt fiskevatn. Fiske i vatnet har derfor vore vanleg i alle tider. Forvaltinga av fuglefredingsområde aksepterer viktigheita av at befolkninga har tilgang på varierte rekreasjonsområde. Men det er òg forvaltinga si plikt å prøve å samordne bruken av området på ein slik måte at verneformålet i størst mogleg grad blir oppfylt. Slik situasjonen er i dag er ikkje ferdsel til fots for vanleg rekreasjon noko problem. Sanking av bær og matsopp er heller ikkje i strid med for verneformålet. Her gjeld allemannsretten etter friluftsloven. Men det oppmodast til å vise utvida varsemd til fuglelivet i hekkesesongen.

Rammer og regelverk

For fuglefredingsområdet gjeld følgjande reglar for jakt i følgje forskriftene kap. IV, nr. 2; *"Fuglar, under dette også reir og egg, er freda mot all form for skade, øydelegging og unødig uroing (jfr § 3 i viltlova). Jakt, fangst, bruk av skytevåpen og å sleppe laus hund er forbode i fuglefredingsområdet. Utsetjing av vilt er ikkje tillate. Elles gjeld viltloven sine føresegner og forskrifter."* Vi gjer her merksam på at § 3 i viltlova er erstattat med § 15 i naturmangfaldslova av 01.07.2009.

I følgje forskriftene for verneområdet kap. V, nr. 9 *"er jakt på hjortedyr, rev og villmink i samsvar med viltlova med forskrifter tillat."* Dette punktet opnar for bruk av skytevåpen på desse artane. Men det vert oppmoda om å nytte feller og ikkje skytevåpen ved fangst av villmink. Bruk av laus hund under jakt er forbode i fuglefredingsområdet. Elles gjeld viltlova og naturmangfaldslova med forskrifter der verneforskrifta ikkje er sterkare.

Figur 6 Svaner har vore ein fast vintergjest i fleire år. Foto: Asbjørn Børset



Forvaltingsmål for jakt, fiske og rekreasjon

- Generelt skal fuglelivet uroast minst mogleg som følgje av ferdsel og ved behov kan ferdsel kanaliserast bort frå dei mest sårbare områda.

3.4 Tekniske inngrep

Osen vert kryssa av kraftliner to plassar. Kraftliner er generelt ikkje ønskjeleg i eit fuglefredingsområde då dei representerer ein trussel for kollisjon mellom fugl og kraftline. Det bør vurderast om det kan monterast fugleavvisarar på linenetttet.

Innan det verna området er det fråskilt ei tomt der det står ei eldre lita hytte. Det er ikkje bilveg til denne hytta. Det kan pårekna løyve til ordinært vedlikehald på denne hytta, men ikkje større påbygg eller tilbygg. Det er ikkje gitt utsleppsløyve til denne hytta frå Eide kommune.

Forskriftene opnar opp for vedlikehald på eksisterande kraftliner. Men forskrifta er ikkje så nyansert som ein skulle ønskje. Mellom anna skil den ikkje mellom akutte utfall, planlagd vedlikehald og oppgradering av anlegg. Det er heller ingen automatikk i forskrifta om bruk av motoriserte kjøretøy under linjearbeid. Slik forskrifta er utforma no krev det dispensasjon frå forbodet mot bruk av motoriserte kjøretøy innan verneområdet til planlagd vedlikehald og oppgradering av linenetttet.

4 FORVALTINGSOPPGÅVER OG TILTAK

4.1 Skjøtsel og forvaltingstiltak

Med skjøtsel meiner ein aktive tiltak på økologisk grunnlag som forvaltingsstyresmakta eller dei som er tildelt slik styresmakt set i gang for å ta vare på naturkvalitetane i området i samsvar med verneformålet. Forvaltingsstyresmakta kan ikkje pålegge grunneigarar å utføre skjøtselsoppgåver, men nært samarbeid mellom forvaltingsstyresmakta og grunneigarane er viktig for å oppnå gode og heilskaplige resultat i verneområdet. Grunneigarane vil først få tilbod om å ta ut dei leplantingane som er aktuelle i fuglefredingsområdet. All skjøtsel skal skje i samarbeid med fylkesmannen og SNO. Gjennomføring av tiltak med omfattande aktivitet skal skje i perioden 1.juli til 31.mars.

Det er ønskjeleg å ta ut plantingane av gran i fuglefredingsområdet. Dette må i tilfelle skje så skånsomt som mogleg, og den fysiske gjennomføringa må sette så lite spor som mogleg. Søppel langs strandsona og langs elva må følgjast med, og ryddast dersom det er naudsynt.

Gjennomføring av tiltak som medfører menneskeleg aktivitet, slik som gjerdning, rydding og hogst bør skje til tider på året der ein uroar fuglane minst mogleg. Heimel for skjøtsel i eit verneområde finn ein i naturmangfaldsloven (NML) § 47.

Skjøtselstiltak

- Fjerne framande treslag i samarbeid med grunneigarane og SNO.
- Organisere rydding av søppel etter behov.

4.2 *Overvaking og kartlegging av naturkvalitetar*

Effektiv overvaking av naturkvalitetane krev kunnskap om verneverdiane og tilstanden til desse. Jamleg overvaking av naturkvalitetane er naudsynt for å kunne vurdere tilstand og behov for tiltak. Osen fuglefredingsområde har tidlegare ikkje vore overvaka systematisk, og kunnskapen som finst om fuglefredingsområdet er til dels generell for heile Nåsvatnet, noko av denne er òg forelda. Fylkesmannen har hovudansvaret for overvakinga av naturkvalitetane i det verna området. Statens naturoppsyn (SNO) vil i dei fleste tilfella stå for den praktiske gjennomføringa. Dette blir avklart årleg. SNO rapporterer til fylkesmannen når det er behov for det, og minst ein gong kvart år. Utvikling og tilstanden til bevaringsmåla skal evaluerast av fylkesmannen og tiltak setjast inn om naudsynt.



Figur 7 Elvemuslingar er freda og er blitt stadig sjeldnare i Norge. Foto: Bjørn Meidell-Larsen

Overvakingstiltak

- Forvaltinga har som mål å få ein oppgradert status over elvemuslingen og fuglepopulasjonar som nyttar verneområdet.
- Overvakinga skal gi kunnskap om korleis skjøtsel og bruk påverkar naturkvalitetane
- Følgje med på attgroinga av dei opne myrområda.

4.3 Informasjon og tilrettelegging

Det er utforma ein informasjonsplakat for Eide våtmarkssystem. Denne vil bli sett opp på strategiske plassar i planperioden. Her må det gjerast avtale med grunneigarar, då infotavlene blir ståande utafor det verna området. Informasjon om fuglefredingsområdet er og tilgjengelig på internett. Her er naturbasen til Direktoratet for naturforvaltning ei god kjelde, sjå kjelder i kapittel 7. Etter kvart som ein får ny kunnskap om naturkvalitetane i området bør ein vurdere om det er behov for meir formidling. Verneområdet er merka med grensemerke i knekkpunkt og verneskilt ved naturlege tilkomstvegar.

Alt informasjonsmateriale skal utarbeidas av, eller i samarbeid med Fylkesmannen i Møre og Romsdal. All tilrettelegging for ferdsel skal på førehand godkjennast av fylkesmannen. Dette er ikkje til hinder for at brukarar av området kan komme med innspel både om tilrettelegging og behov for informasjon.

Informasjons- og tilretteleggingstiltak

- Setje opp informasjonstavler ved fuglefredingsområdet om verdiane i verneområdet.
- Avtale med grunneigarar om å få setje opp informasjonstavler utafor det verna området.

4.4 Oppsyn

Med eit vernevedtak oppstår det behov for å føre kontroll med at verneforskriftene og eventuelle dispensasjonsvedtak vert etterlevd. Statens Naturoppsyn (SNO) har ansvar for oppsyn i verneområda i Noreg. Hovudoppgåva til SNO er å sørge for at vernereglane for området vert fulgt. I tillegg har SNO ein god og tett dialog med fylkesmannen og vil bli orientert dersom det er gitt dispensasjonar frå verneforskrifta til ulike tiltak inne i verneområdet.

SNO har oppsynsmynde i medhald av lov av 21.juni 1996 om statleg naturoppsyn, politimynde etter miljølovene; friluftslova, naturmangfaldlova, motorferdslelova, kulturminnelova, viltlova, lakse- og innlandsfiskelova og delar av forureiningslova. I tillegg til kontrolloppgåvane etter desse lovene, skal oppsynet drive rettleiing og informasjon, skjøtsel, tilrettelegging, registrering og dokumentasjon. Mange av desse tiltaka i blir gjort i samråd med fylkesmannen, og enkelte av tiltaka er nærmere presentert i denne forvaltingsplanen. Fylkesmannen i Møre og Romsdal er som forvaltingsstyresmakt bestillar av oppsynsoppgåver hos SNO.

5 SAKSHANDSAMING

5.1 *Forvaltingsstyresmakt*

Fylkesmannen i Møre og Romsdal (FMMR) er forvalningsstyresmakt for Osen fuglefredingsområde. Søknad om dispensasjon fra verneforskrifta skal sendast direkte til fylkesmannen. Dersom det vert gitt dispensasjon fra fylkesmannen er Eide kommune myndighet innan anna lovverk som til dømes viltlova, plan- og bygningslova.

5.2 *Lovverk, føringar og forvalting*

Forskrifta for verneområdet går føre anna lovverk og forskrifter. Med få unntak vil verneforskriftene innehalde strengare reglar som gjeld bruk og tiltak enn anna lovverk. Derfor skal ein søknad om løyve/dispensasjon først blir handsama av fylkesmannen. Verneforskrifta for Osen fuglefredingsområde finn du som vedlegg 1.

Forvalting av verneforskrifta

Verneforskriftene har som hovudmål å fremme verneformålet. Forvaltinga av verneområde skal skje i eit langsiktig perspektiv. Dette stiller krav til langsiktig tenking både hos fylkesmannen, SNO og dei som nyttar området dagleg. Eventuelle brot på lovverk i verneområdet skal meldast til kommunen, SNO eller forvaltingsstyresmakta som i sin tur vil vurdere tiltak eller politimelding. Vi syner her øg til NML kap. IX om handheving og sanksjonar, der DN er gitt myndighet.

Det har så langt ein kjenner til ikkje vore ein einaste søknad om løyve eller dispensasjon frå verneforskriftene sidan verneområdet vart oppretta.

Forståing av unntaka frå forskrifa

Kap V i verneforskrifta listar opp ei rekke aktivitetar som ikkje krev løyve eller dispensasjon.

Nr. 1 omtalar aktivitet av nasjonal karakter. Ingen privatpersonar kan handle etter dette punktet utan kontakt med forvalningsstyresmakta.

Nr. 2 omhandlar slått, beite og anna etablert jordbruksdrift, dette er lovleg i fuglefredingsområde, men må eventuelt klarerast med grunneigar.

Nr. 3 stadfester at vedlikehald av grøfteutlaup i fuglefredingsområdet er lov. Men det går fram av forskriften at forvaltingsstyresmakta skal varslas på forhand. Dette for å unngå skade på verneverdiane.

Nr. 4 opnar for vedlikehald av eksisterande vegar og kraftliner. Det er ikkje vegar innan det verna området i dag. For planlagd ordinært vedlikehald på kraftliner vil det kunne pårekna dispensasjon etter søknad.

Nr. 5 Sanking av bær og matsopp. Dette er ei referanse til friluftslova, som stadfestar allemannsretten.

Nr. 6 nemner fiske i verneområdet. Her gjeld det lovverk og dei forskriftene som regulerer fiske til ei kvar tid. Elvemuslingen er ikkje nemnd i forskrifta, men elvemuslingen er freda gjennom eiga forskrift heimla i lakse- og innlandsfiskelova.

Nr. 7 opnar for bruk av motorbåt med motorstørleik inntil 4,5 hk i dei frede områda i Nåsvatnet.

Nr. 8 viser til at motorferdsel til næringsføremål er lov. Det er ingen næringsføremål innafor fuglefredingsområde som treng bruk av motorkjøretøy med unntak av det som er nemnd i nr. 2,3 og 4 . Ved reperasjon av akutte utfall på kraftlinenetet kan det òg nyttast motoriserte kjøretøy. Vi forventar då at dette vert rapportert fylkesmannen i etterkant av arbeidet.

Nr. 9 opnar for jakt på hjortedyr, rev og villmink i samsvar med viltlova med forskrifter. Ved jakt på villmink bør nyttast slagfelle for å unngå å påføre dyra liding. Feller må sikrast mot andre dyr og menneske. Skytevåpen bør ikkje nyttast i verneområdet sjølv om forskriftene opnar for det.

Kap VI viser til dei tilhøva der fylkesmannen kan gi løyve etter søknad.

Nr. 1 gir tilsynelatande høve til jakt etter dispensasjon dersom ein art er i mistilhøve til andre arter eller miljøet. Dette er ikkje ei aktuell problemstilling i fuglefredingsområdet og gir ikkje høve til felling av til dømes ramn eller grågås.

Nr. 2 nemner etablering av grøfteløp for drenering av anna tilgrensande areal og fjerning av giftplanter. Dette vil bli vurdert i kvart enkelt tilfelle i samråd med landbruksstyresmaktene.

Nr. 3 opnar for fjerning av vegetasjon som er vertsplantar for skadeorganismar i jordbruket. Dersom dette skulle bli aktuelt skal det skje etter søknad og i samarbeid med fylkesmannen.

Nr. 4 Kontrollert tynning/høgdereduksjon av skog og kratt som er til ulempe for jordbruket. Dette vil bli vurdert etter søknad og nærmare avtale med forvaltingsstyresmaktene.

Nr. 5 Hogst av ved til eige bruk etter søknad og tilvisning av forvaltingsstyresmaktene.

Nr. 6 opnar for bygging av pumpehus, legging av leidningar for vassanlegg, oppføring av gjerde m.m. Pumpehus og leidningar vil bli vurdert i kvart enkelt tilfelle, det same gjeld permanente gjerde. Då i samråd med landbruksstyresmakta i kommunen.

Kap VII opnar for at forvaltningsstyresmakta kan utføre skjøtselstiltak i det verna området.

Dette kapittelet saman med den nye naturmangfaldlova §47 gir løyve til bruk av motoriserte kjøretøy ved skjøtselstiltak i regi av forvaltningsstyresmakta.

Generelt om dispensasjon frå forskrifta

Etter overgangen til naturmangfaldlova 01.juli 2009 gjeld no naturmangfaldlova sin § 48 i staden for den generelle dispensasjonsbestemminga i verneforskrifter som er eldre enn dette. Det betyr at saker om dispensasjon ikkje skal behandles etter kap. VIII i verneforskrifta for Osen fuglefredingsområde, men etter naturmangfaldlova § 48. Dei spesifiserte dispensasjonsbestemmingane i verneforskrifta kap. VI gjeld framleis.

Retningslinjer for sakshandsaming

Punkta under syner generelle retningslinjer for all sakshandsaming som gjeld Osen fuglefredingsområde. Alle søknader om tiltak som krev løyve/dispensasjon etter verneforskriftene skal sendast Fylkesmannen i Møre og Romsdal.

1. Normalt vil verneforskriftene ha strengare reglar enn det som gjeld anna lovverk. Alle søknader skal difor først vurderast etter verneforskriftene før dei eventuelt vert behandla etter anna lovverk.
2. Klage på vedtak gjort av fylkesmannen skal handsamast etter reglane i forvaltingslova. Ein eventuell klage på eit vedtak skal sendast Direktoratet for naturforvalting via Fylkesmannen i Møre og Romsdal. Fylkesmannen vil då sjå om det er kome nye saksopplysningar som tilseie at vedtaket kan omgjerast. Dersom forvaltingsstyresmakta opprettheld sitt vedtak skal klagen oversendast Direktoratet for naturforvalting for endeleg handsaming og vedtak.
3. Desse instansane skal alltid ha kopi av alle vedtak: Eide kommune, Direktoratet for naturforvaltning og Statens Naturoppsyn.

Behov for endring av forskrifter

Verneplanen for våtmark var den første verneplanen som var vedteken her i fylket. Forskrifta er laga etter ein mal som på fleire punkt ikkje er i samsvar med nyare vernevedtak for verna områder, og har behov for ei oppdatering og modernisering. Dette vil fylkesmannen samordne med forskrifter for andre verneområde og handsame som eiga sak om dette på eit seinare tidspunkt.

6 PERIODEN FORVALTINGSPLANEN GJELD

Forvaltingsplanen for Osen fuglefredingsområde gjeld fram til ny forvaltingsplan er vedteken. Fylkesmannen er ansvarleg for revideringa av planen. Vi tek sikte på å gjere dette kvart 10. år, første gong i 2020. Fylkesmannen kan revidere planen på eit tidlegare tidspunkt om det er naudsynt. Bevaringsmåla vil bli reviderte i samsvar med nasjonale standardar når desse ligg føre, uavhengig av rullering av forvaltingsplanen.

7 KJELDER

Artsdatabanken, 2006. *Norsk Rødliste 2006.*

<http://www.artsdatabanken.no/Article.aspx?m=114&amid=1792>. 15.08.09

Artsdatabanken, 2007. *Norsk svarteliste 2007.*

<http://www.artsdatabanken.no/Article.aspx?m=172&amid=2581>. 20.09.09

Direktoratet for naturforvaltning, 2008. *Håndbok 17 – Områdevern og forvaltning.*

www.dirnat.no, 03.08.09.

Direktoratet for naturforvaltning, 2008. *Håndbok 27 – Naturvennlig tilrettelegging for friluftsliv.* www.dirnat.no, 12.08.09.

Fylkesmannen i Møre og Romsdal, 1982. *Utkast til verneplan for våtmarksområde i Møre og Romsdal fylke.*

Folkestad, A. O., 1978. *Ornitologisk viktige våtmarksområder i Norge.*
Miljøverndepartementet.

Faafeng, Bjørn m.fl. *Nåsvatnet i Eide kommune. Vannkvalitet, høyere vegetasjon og fisk.*
NIVA rapport LNR 3349-95

Grønningsæter, Erik, 2007. *Lokalitetsguide til fugler og dyr i Møre og Romsdal.*

Lyngstad, Jonny. *Bygdebok for Eide 2003*

Moen, A. 1998. *Nasjonalatlas for Norge: Vegetasjon.* Statens kartverk, Hønefoss.

Moen, G. 2005. *Viltet i Eide.* Naturkonsult DA rapport nr. 1-2005.

Norderhaug, A. 1991. *Skjøtselsboka for kulturlandskap og gamle norske kulturmarker.*
Landbruksforlaget, Fagernes.

Nettstader

Artsdatabanken. <http://www.artsdatabanken.no/frontpage.aspx?m=2>

Direktoratet for naturforvaltning, 2008. *Naturbase.* www.dirnat.no

Lovdata, 2009. www.lovdata.no/

Miljøstatus i Norge. <http://www.miljostatus.no/>

Fylkesmannen i Møre og Romsdal, areal- og miljøvernavdelinga.

<http://www.fylkesmannen.no/fagom.aspx?m=1552>

Vedlegg nr. 1

Forskrift om vern av Osen fuglefredingsområde, Eide kommune, Møre og Romsdal.

Fastsett ved kgl.res. av 27. mai 1988. Fremja av Miljøverndepartementet.

I

I medhald av lov om naturvern av 19. juni 1970 nr. 63, § 14, 2. ledd og § 9, jf § 10 og §§ 21, 22 og 23 er fuglelivet og fuglane sitt livsmiljø i eit område ved Eide i Eide kommune, Møre og Romsdal fylke, freda ved kgl.res. av 27. mai 1988 under nemninga Osen fuglefredingsområde.

II

Det freda området omfattar følgjande gnr/bnr:

159/1, 2, 4, 5, 9; 160/1; 171/13, 21, 32, 33, 34, 37.

Fuglefredingsområdet dekkjer eit areal på ca 685 dekar.

Grensene for fuglefredingsområdet går fram av kart i målestokk 1:5.000, datert Miljøverndepartementet oktober 1987. Kartet og fredingsførersegnene blir oppbevarte i Eide kommune, hos fylkesmannen i Møre og Romsdal, i Direktoratet for naturforvaltning og i Miljøverndepartementet.

Dei nøyaktige grensene for fredingsområdet skal avmerkast i marka. Knekkpunkta bør koordinatfestast.

III

Føremålet med fredinga er å ta vare på eit viktig våtmarksområde med sitt livsmiljø, fugleliv og anna dyreliv.

IV

For fuglefredingsområdet gjeld følgjande føresegner, jf punkta V - VI:

1. Vegetasjon som er av verdi som livsmiljø for fuglar, er freda mot skade og øydelegging av ein kvar art, t.d. tangskjering og taretråling.
2. Fuglar, under dette også reir og egg, er freda mot all form for skade, øydelegging og unødig forstyrring (jfr § 3 i viltlova). Jakt, fangst, bruk av skytevåpen og å sleppe laus hund er forbode i fuglefredingsområdet. Utsetjing av vilt er ikkje tillate. Elles gjeld viltlova sine føresegner og forskrifter.
3. Det må ikkje iverksetjast tiltak som kan endre dei naturgjevne produksjonstilhøva eller gjere fuglane sitt livsmiljø ringare, her under drenering og anna form for tørrlegging, uttak eller oppfylling av masse, ny utføring av kloakk eller andre konsentrerte forureiningstilførslar, dumping av avfall og bruk av kjemiske plantevernmidler.

Opplistinga er ikkje fullstendig.

4. Motorisert ferdsel, samt lågtflyging under 300 m er forbode, jf pkt. V. Bruk av modellbåtar og modellfly er forbode.

Bruk av seglbrett i ferskvassområda er forbode.

V

Føresegnene i punkt IV er ikkje til hinder for:

1. Gjennomføring av militær, operativ verksemد og tiltak i sikrings-, ambulanse-, politi-, brannvern-, oppsyns-, skjøtsels- og forvaltingsøyemed.
2. Slått, beiting og anna etablert jordbruksdrift i og inntil det freda området.
3. Vedlikehald av grøfteutlaup som er tekne tidlegare og som drenerer tilgrensande jord- og skogbruksareal, etter at forvaltingsstyresmakta er varsla.
4. Vedlikehald av eksisterande vegar og kraftliner.
5. Sanking av bær og matsopp.
6. Fiske etter det lovverk og dei forskrifter som gjeld til ei kvar tid.
7. Bruk av motorbåt med motorstorleik inntil 4,5 hk i dei fereda områda i Nåsvatnet. Bruk av motorbåt i Einsetvågen.
8. Motorferdsel til lands i næringsføremål.
9. Jakt på hjortedyr, rev og villmink i samsvar med viltlova med forskrifter.

VI

Forvaltingsstyresmakta, eller den forvaltingsstyresmakta fastset, kan gje løyve til:

1. Kontrollert felling av vilt når dette blir sett på som naudsynt for å hindre bestandsmessige mistilhøve mellom ulike arter eller i tilhøvet art/miljø på grunn av menneskeskapte faktorar.
2. Etablering av nye grøfteutlaup for drenering av tilgrensande areal. Fjerning av giftplantar.
3. Fjerning av vegetasjon som er vertsplantar for skadeorganismer i jordbruket.
4. Kontrollert tynning/høgdereduksjon av skog og kratt som er til ulempe for jordbruket.
5. Hogst av ved til eiga bruk.
6. Bygging av pumpehus, legging av leidningar for vassanlegg, oppføring av gjerde m.m.

VII

Forvaltingsstyresmakta eller den forvaltingsstyresmakta fastset, kan gjennomføre skjøtselstiltak i samsvar med fredingsføremålet. Det kan utarbeidast skjøtselsplan, som skal innehalde nærmere retningslinjer for gjennomføring av skjøtselstiltaka.

VIII **NB: Dette kap. går ut og erstattast av § 48 i lov om forvaltning av naturens mangfold.**

Forvaltingsstyresmakta kan gjere unnatak frå fredingsføresegnene når føremålet med fredinga krev det, samt for vitskaplege undersøkingar og arbeid av vesentleg, samfunnsmessig verdi, og i spesielle tilfelle dersom det ikkje strir mot føremålet med fredinga.

IX

Forvaltinga av fredingsføresegnene er lagt til fylkesmannen i Møre og Romsdal.

X

Desse fredingsføreseggnene trer i kraft straks.

Lov om forvaltning av naturens mangfold (naturmangfaldloven)

§ 48. dispensasjon fra vernevedtak


Forvaltningsmyndigheten kan gjøre unntak fra et vernevedtak dersom det ikke strider mot vernevedtakets formål og ikke kan påvirke verneverdiene nevneverdig, eller dersom sikkerhetshensyn eller hensynet til vesentlige samfunnsinteresser gjør det nødvendig.

I avveiningen mellom øvrige vesentlige samfunnsinteresser og hensynet til verneområdet skal det særlig legges vekt på verneområdets betydning for det samlede nettverket av verneområder og om et tilsvarende verneområde kan etableres eller utvikles et annet sted. Tiltakshaveren kan pålegges å bære rimelige kostnader ved ivaretakelsen, opprettelsen eller utviklingen av et slikt tilsvarende område.

Trenger et tiltak tillatelse både etter verneforskriften og etter annet lovverk, kan tiltakshaver velge å söke om tillatelse parallelt. Vedtak skal i slike tilfeller først fattes etter verneforskriften, dersom ikke annet følger av verneforskriften eller forvaltningsmyndighetens samtykke.

Søknad om dispensasjon etter første ledd skal inneholde nødvendig dokumentasjon om tiltakets virkning på verneverdiene. I dispensasjon etter første ledd skal begrunnelsen for vedtaket vise hvordan forvaltningsmyndigheten har vurdert virkningene som dispensasjonen kan få for verneverdiene, og hvilken vekt det er lagt på dette.

Vedlegg nr. 2



Vedlegg nr. 3**Fuglearter observert i eller nær Osen fuglefredingsområde.****Kilde:** artsdatabanken.no

ART	OBSERVERT-DATO	RAUDLISTE-STATUS	MERKNAD
Bergand	11/09	VU	Sårbar
Brunnake	11/09	LC	
Dvergdykker	03/03	NT	Nær trua
Egretthegre	04/78		
Fiskemåke	04/78	LC	
Flaggspett	11/09	LC	
Fossekall	11/09	LC	
Gjerdemett	12/02	LC	
Grønnfink	12/09	LC	
Grønnsisik	12/02	LC	
Gråhegre	05/09	LC	
Gråspurv	04/78	LC	
Gråtrost	12/09	LC	
Havørn	12/02	LC	
Horndykker	10/09	EN	Sterkt trua
Jernspurv	05/78	LC	
Kanadagås	11/09	UR	Innført art
Kjøttmeis	12/09	LC	
Kvinand	11/09	LC	
Laksand	12/96	LC	
Løvmeis	12/02	LC	
Rødvingetrost	04/78	LC	
Sangsvane	03/03	NT	Nær trua
Sivsanger	06/02	LC	
Stokkand	11/02	LC	
Storspove	07/78	NT	Nær trua
Strandsnipe	05/09	LC	
Tjeld	04/78	LC	
Blåmeis	12/96	LC	
Smålom	04/90	LC	
Sothøne	12/02	LC	
Vipe	04/78	NT	Nær trua
Siland	04/78	LC	
Svarttrost	11/09	LC	
Svartbak	05/78	LC	
Storspove	07/78	NT	Nær trua

Taffeland	11/78	NA	Ikkje egna
Toppand	11/02	LC	
Toppdykker	06/06	NT	Nær trua
Trane	2002	LC	

Raudlistestatus. LC = livskraftig, NT = nær trua, VU = sårbar, EN = sterkt trua, CR = kritisk trua, RE = lokalt utrydda, NA = ikkje egna

Vedlegg nr. 4**Samleskjema for ulike tiltak i Osen fuglefredingsområde planperioden 2010 - 2015.**

Tiltak	Prioritet	Utførande aktør	Kostnads overslag	Finansiering	Fristar	Merknad/ vurdering
Vassprøve i Oselva	Høg	SNO/Fylkesmannen		DN	2011	Følgje opp bevaringsmål nr. 1
Undersøke status for muslingpopulasjonen i Oselva	Høg	Fylkesmannen		DN	2010	Følgje opp bevaringsmål nr 1
Oppgradere kunnskapen over ulike arter fugl og størrelsen på populasjonane i verneområdet.	Høg	Fylkesmannen		DN	Start 2011	Sjå kap. 4.2. Bør settast bort til Ornitologiske undersøkingar i Møre og Romsdal (OUM) eller annen lokal ornitolog.
Sette opp informasjonstavle på egna stader.	Høg	SNO		DN	Snarast	Sjå kap. 4.3
Fjerne grana i verneområdet	Middel	Grunneigar/ SNO		DN	Plan-perioden	Sjå kap. 4.1
Montere fugleavvisare på kraftlinjenettet	Middels	Nettselskap		Nettselskap	Snarast	Sjå kap. 3.4

NB: Alle skjøtsel føreset at fylkesmannen får årlege løyvingar over statsbudsjettet. Desse løyvingane blir kanalisiert gjennom Direktoratet for naturforvaltning (DN). Utan løyvingar over statsbudsjettet får vi ikke utført skjøtsel eller andre tiltak.

Vedlegg nr. 5

Saksbehandling av forvaltningsplan for Osen fuglefredingsområde

Melding om oppstart av arbeidet med forvaltingsplan for Osen fuglefredingsområde i Eide kommune blei send som brev frå Møre og Romsdal fylke den 19.11.2009 til alle grunneigarane, kommunen og andre brukargrupper. Brevet oppmoda til å kome med synspunkt/innspel til planarbeidet innan 15.01.2010. Same brevet inviterte til oppstartsmøte/orientering om arbeidet med forvaltingsplanen den 08.12.2009.

Oppstartsmøtet var eit fellesmøte for Osen og Einsetvågen/Nåsvatnet fuglefredingsområder. På oppstartsmøtet møtte ti grunneigarar og naboor. I tillegg møtte Håkon Slutaas frå Eide kommune. Ragna Sortland og Åsmund Skålvik representerte Møre og Romsdal fylke.

Informasjon og innspel som kom fram under oppstartsmøtet er teke omsyn til i planen så langt det er praktisk mogleg og forskriftene tillet det.

Det kom ingen skriftlege innspel innan fristen 15.01.2009:

Eit utkast til forvaltingsplan blei utarbeidd og send til høyring den 24.06.2010. Fylkesmannen sette høyringsfristen til den 31.08.2010.

Direktoratet for naturforvaltning (DN) hadde nokre synspunkt til høyringsutkastet.

Synspunkta frå DN er innarbeidde i den vedtekne planen.

På generelt grunnlag vil fylkesmannen informere om at vi ikkje kan forskottere framtidige statlege løyvingar til skjøtselstiltak i verna områder sjølv om dette står på tiltaksliste.

Det er ikkje realistisk å fange opp alle eventualitetar i ein forvaltingsplan, noko må ein ta i den daglege forvaltinga. Planen er meint som eit fundament å byggje vidare på etter som ein ser tilstanden endrar seg, eller behov melder seg. Men formålet med vernet ligg heile tida i botnen.

Plangodkjenning.

Forvaltingsplanen vart med dette vedteken av Fylkesmannen i Møre og Romsdal den 17.09.2010.

